

MØTEPROTOKOLL

BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE

Møtedato: 16.12.2021
Møtestad: Digitalt møte

Møtetid: 09:00 - 22:25
Behandla saker: 144-164/2021

Møteleiar:	Parti
Trine Lindborg	Ap

Møtedeltakarar:	Parti:
Asle Olsen	SV
Atle Kvåle	Ap
Aud-May Boge	H
Bjarte Aarvik	FrP
Børge Lunde	H
Eirik Andre Hesthamar	FrP
Espen Aspenes	FrP
Gisle Hesjedal	Ap
Gustav Bahun	FrP
Hans Vindenes	H
Harald Franz Lekven	Uavh
Helge Mjånes	Ap
Herborg Nordtveit	SP
Jakob Enerhaug	KrF
John Grindevoll	FrP
Knut Børjesen	MDG
Laila Marie Reiertsen	FrP
Line Furubotn Storum	Ap
Magne Djuvik	Uavh
Marianne Hjelle	FrP
Marie Elisabeth Lunde Bruarøy	H
Mikal Leigland	SP
Nils-Anders Nøttseter	MDG
Ole Viggo Skaathun	FrP
Peter-Hans de Zwarte	SP
Pål Tore Haga	Ap
Richard Markhus	Ap
Roger Hoel	H
Ståle Skaatun	H
Terje Sperrevik	SP
Terje Søviknes	FrP
Thorstein Skårnes	FrP
Tone Hepsøe	Ap
Tor Inge Døsen	FrP
Tore Kleppe	FrP

Torgeir Hansen Skjælaaen	MDG
Trine Lindborg	Ap
William Lindborg	Ap

Forfall meldt frå følgjande medl.:	Parti:
Bjarte Samnøy	Krf
Jonn Garvik	Frp
Linda Kjosaas	Ap
Tina Bøe Buer	MDG

Følgjande varamedl. møtte:	Parti:
Hans Vindenes	H
Jakob Enerhaug	Krf
John Grindevoll	Frp
Knut Børgesen	MDG
Pål Tore Haga	Ap
Thorstein Skårnes	Frp
Tone Hepsøe	Ap

Inhabil	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Bjarte Aarvik	146/2021	,	Ingen vara
Eirik Andre Hesthamar	146/2021	,	Ingen vara
Richard Markhus	146/2021	Pål Tore Haga, Ap	
Roger Hoel	149/2021	Hans Vindenes, H	

Frå administrasjonen møtte:
Kommunedirektør Christian Fredrik Fotland, kommunalsjef for helse og velferd Monica Totland Melvold, kommunalsjef for oppvekst Line Rye, prosjektsjef og konstituert kommunalsjef for samfunnsutvikling Grete Nesheim, økonomisjef Ingrid Karin Kaalaas, HR-sjef Ingrid Kristin Askvik, kontorsjef Andris Hamre, formannskapssekretær Elisabeth Farstad, utvalssekretær Elisabeth Vinje Nydal.
Orientering:
Monica Totland Melvold i sak 145/2021

Møteprotokoll vert elektronisk godkjend i påfølgjande møte.

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr./Tittel	Side
144/2021	21/9063 Godkjenning av innkalling, møteprotokoll og sakliste	
145/2021	21/9063 Orientering om covid-19	
146/2021	21/5230 Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv - Handlingsprogrammet for 2022	
147/2021	21/1485 Avkastningsrapport pr. september 2021	
148/2021	21/1485 Avkastningsrapport pr oktober 2021	
149/2021	20/19371 Framforhandla utbyggingsavtale fylkesveg Åsen-Helleskaret for godkjenning	
150/2021	19/10091 Godkjenning av kommunedelplan for Bjørnafjorden vest	
151/2021	21/9063 Godkjenning av protokollar frå nedlagde utval	
152/2021	20/15944 Kommunedelplan for klima, energi og miljø for Bjørnafjorden kommune 2021-2033 - endeleg vedtak	
153/2021	21/8684 Nytt parkeringsregime på Osøyro	
154/2021	20/7569 Sal av Greidalen Gnr/bnr 51/539 og 51/540	
158/2021	21/6770 Budsjett 2022/Økonomiplan 2022 - 2025	
155/2021	20/3967 Spørsmål om stansing av planforslag i samsvar med gjeldande kommunedelplan	

156/2021	21/9063 Høyringsuttale frå Bjørnafjorden kommune til: Forskrift om skyte- og øvingsfelt i sjø	
157/2021	21/9063 Møteplan 2022	
159/2021	21/9063 Spørsmål	
160/2021	21/9063 Interpellasjon	
163/2021	21/1419 Tenestepensjon - ny behandling 16.12.2021 Unntatt offentlig innsyn	
164/2021	21/1419 Tildeling – Val av leverandør tenestepensjon	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 29.11.2021 blei godkjend.
Det var ingen merknader til sakslista.

Behandling og vedtak i sak 144/2021, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 16.12.2021

Behandling:

Møtet blei sett klokka 09.00.

Ordførar Trine Lindborg ønskte velkomen til møtet og tok namneopprop. Det var forfall til møtet frå Linda Kjosaas, Ap, Tina Bøe Buer, MDG og Jonn Garvik, Frp. For desse møtte høvesvis Tone Hepsøe, Ap, Knut Børgesen, MDG og Thorstein Skårnes, Frp.

Gustav Bahus, Frp, hadde permisjon i starten av møtet. For han møtte John Grindevoll, Frp, som vararepresentant.

Det var ingen merknadar til innkalling og protokoll.

Til sakslista

Ordførar Trine Lindborg refererte e-postmeldingar som er sende ut dei siste dagane, mellom anna med eit forslag om å endra på sakslista og ututsetja ein del saker til eit ekstra kommunestyremøte i januar. Sakene det er snakk om, er sakene 150, 151, 153, 154, 155, 159 og 160. Det krev eit endra framlegg til vedtak i sak 157/2021 om møteplan for 2022. Meldinga ordførar sende ligg ved saka.

Ordførar fremma også forslag om å endra på saksrekkefølga for å skapa god flyt i møtet. Kommunestyret slutta seg til dette.

Repr Roger Hoel, H, bad om at møtet har hyppige pausar.

Votering

Sakslista blei godkjend med endringane frå ordførar Lindborg.

Ordførar gjorde merksam på at det er høve til å halde fjernmøte etter kommunelova §7 og Bjørnafjorden sitt reglement §1.6, og ho viste til forskrift om høve til å lukka fjernmøte.

Sakene blei behandla i følgande rekkefølge:

144/2021
146-149/2021
163/2021
152/2021
156-157/2021
145/2021
164/2021
158/2021

Vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 29.11.2021 blei godkjend.
Sakslista blei godkjend med følgande endringar: Sakene 150, 151, 153, 154, 155, 159 og 160 blir utsett til nytt møte i kommunestyret 20. januar 2022.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka blir tatt til orientering.

Behandling og vedtak i sak 145/2021, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 16.12.2021

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 157/2021.

Kommunalsjef Monica Totland Melvold orienterte om covid-19 situasjonen i Bjørnafjorden kommune.

FORSKRIFT:

Lokal forskrift oppheva. Denne i sin heilskap erstatta av dei nasjonale reglene.

I samråd med kommuneoverlegane i nabokommunane har vi nå innført ein lokal hasteforskrift som opphevar karantenefritak for barn/unge (18 år). Gjeldande frå 15. desember 2021 kl. 18.00 til tysdag 21. desember kl. 24.00.

Dermed må **alle nærkontaktar i karantene**, men barn/unge kan teste seg ut av karantenen i skuletid etter 3 døgn (frå smitteeksponering) og etter 7 døgn frå fritidskarantenen. Hyppige møte i KKL dei siste vekene, og vi følger situasjonen tett – samt jamlege møte med kommunane i Bergensregionen og sentrale myndigheiter.

STATUS SMITTE: Svært høge smittetal. 74 positive PCR-svar pr onsdag ettermiddag.

Sist veke bekrefta 121 positive PCR-svar. Grunn til å tru at vi vil auke betydeleg denne veka og passere 1000 pr 100 000/ siste 14 dagar. Ca 50% av dei smitta er barn og unge.

Fekk meld om to koronarelaterte dødsfall frå Haukeland sist veke.

FRÅVÆR I TENESTANE OG TILTAK PÅ SEKTORANE: høgt fråvær i mange tenester som skaper konsekvensar for drifta! På bakgrunn av dette så er det behov for å iverksette tiltak:

LITT OM ENDRINGAR FOR BARNEHAGANE, SKULANE OG SFO

Siste skuledag blir 17. desember og kortare opningstid i kommunale barnehagar og SFO fram til jul.

Regjeringa innfører gult smittevernnivå ved alle barnehagar og skular i Noreg.

Leiinga på Oppvekst-området vurderer det som utfordrande å innføre gult nivå no. Situasjonen i barnehagane og skulane er svært krevjande, med høgt fråvær, stor slitasje på dei tilsette som er på jobb og mykje smitte.

Kommunal kriseleiing (KKL) i Bjørnafjorden kommune har difor vedtatt følgjande:

- **Felles og kortare opningstid for alle dei kommunale barnehagane og SFO:** Ny opningstid er kl. 8-15.30. Denne gjeld frå og med torsdag 16. desember 2021, og så lenge vi er på gult smittevernnivå (vedtatt nasjonalt minimum fire veker).
 - Føresette i samfunnskritiske funksjonar, som på grunn av jobbsituasjonen ikkje har moglegheit til å levere og hente innanfor den nye opningstida, kan søkje om utvida tilbod. Informasjon om dette kjem frå kvar enkelt barnehage.

- **Endring i skuleruta:** Siste skuledag for skule og SFO er 17. desember 2021, ikkje 20. desember som opphavleg vedtatt. Skulane må ta igjen denne ekstra dagen i løpet av vårsemesteret.
 - Føresette i samfunnskritiske funksjonar, som treng SFO-tilbod måndag 20. desember, kan søkje om det. Informasjon om dette kjem frå rektor ved kvar enkelt skule.

HELSE:

Vi er no kome der at vi har måtte ta i bruk aksjonsplan for kriseberedskap grunna høgt frávær.

Følgande tiltak er iverksett:

- Stenging av dagsenter for eldre
- Nedskalering av dagsentertilbod psykisk helse og tenester til utviklingshemma
- Bistand frå frivillige. Avtale med sanitetsforeiningane er under utarbeiding
- Tatt ned drifta i PLO – helgebemannning, avvikla møteverksemd og justert dageleg rutinar og aktivitetar

Følgande tiltak er under planlegging:

- Ta ned kapasitet på rulleringsplassar sjukeheimane
- Reduksjon heimehjelp
- Omdisponering av anna helsepersonell frå andre einingar
- Behov for vaktberedskap for leiarar gjennom jula.
- Besøksregistrering i sjukeheimane og oppmoding om at ikkje mange kjem samtidig.

I dei tenestene der aktivitet blir tatt ned, vil det bli gjort individuelle tilpassingar for den einskilde brukar og aktivitet vil oppretthaldast for enkelte.

SMITTESPORING / SMITTEVERN:

- Kapasitet smittesporing - behov for auka kapasitet. Styrka kapasitet noko der tilsette og pensjonistar har meldt seg. Fortsett behov for fleire som kan hjelpe dette krevjande arbeidet. Gå ut med annonse?
- Kapasitet testing – 580 testar sist veke. Forventa større press denne veka. Har lagt beredskap for å kunne teste mellom 1000 og 1200 pr veke ut april. Ok kapasitet pr no. Opne 5 dagar i veka i Kollskogen 3 dagar i veka i Eikelandssosen. Holdar stengt 1 og 2 juledag. Fortsette med teststasjonar ut april i første omgang

Status utstyr – god lagerbeholdning – mangel på hurtigtestar – brev frå HDIR prioritering.

- **Lista under viser kva for grupper som bør prioriterast for sjølvtesting (i prioritert rekkefølge):**
- **Personar i kritiske samfunnsfunksjonar**, eller som jobbar i barnevernsinstitusjonar eller på institusjonar med psykisk utviklingshemming o.l., og som er i smittekarantene, og som har mogleighet for fritak frå arbeidskarantene under føresetnad av dagleg testing. NB! For husstandsmedlemmer og tilsvarande nære gjelder dette berre for fullvaksinerte.
- **Personar som har symptom:**
 - o Barn og unge (7 til 18 år)
 - o Tilsette i barnevernsinstitusjonar eller på institusjonar med psykisk utviklingshemma og liknande
- Tilsette i helse- og omsorgstenestene og i andre kritiske samfunnsfunksjonar

- **Innreise**
- o Innreisetesting kan ikkje nedprioriterast da det per nå er et forskriftsfestet krav.

VAKSINERING:

Vaksineleiarmøtet tek seg av planlegginga. Vi har hatt utfordringar med å fylle opp massevaksineringsdagane, har derfor heldt på ein dag. Utvida opningstid i onsdag 15 des. Planlagt massevaksineringsdag onsdag 22.des, med mogleg utvida utviding av opningstid.

Ikkje planlagt massevaksinering i romjula for at vaksineteamet skal få henta seg inn.

Kan bestille vaksinering vi telefon, digitalt eller ved å møte til dropp inn time!

Regjeringa har forventning om at alle over 45 er vaksinert innan utgangen av veke 2. KKL har den same forventninga. Vaksinemøtet/-teamet har fått oppdrag med, og alle fullmakter dei treng for, å organisere vaksineringa slik at vi når dette målet.

Takk til vaksine teamet for framifrå organisering av arbeidet :)

NÆRINGSLEVET:

Gjennomført møte. Dei er naturleg nok skuffa og lei. Kompensasjonsordningane føreset stortingsvedtak og kjem ikkje før i januar. Vi står klare til å få dei ut, så fort vi får den kommunale ordninga frå staten.

Melvold og kommunalsjef for oppvekst Line Rye svara på spørsmål frå representantane.

Møtet blei midlertidig heva klokka 16.08 med semje om ein times pause.

Vedtak:

Saka blir tatt til orientering.

146/2021 - KOMMUNEDELPLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV - HANDLINGSPROGRAMMET FOR 2022

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 02.12.2021 - 147/2021

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar Handlingsprogrammet for 2022 til kommunedelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i samsvar med innstilling frå administrasjonen.

Søknader om spelemidlar til ordinære anlegg og nærmiljøanlegg vert prioriterte i same innbyrdes rekkefølge som dei står i handlingsprogrammet.

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at gjeldande kommunedelplanar for tidlegare Os og Fusa skal gjelda til ny Sektorplan for kultur, idrett og friluftsliv i Bjørnafjorden kommune vert utarbeida og godkjend (2022/23).

Kommunen sitt budsjett og økonomiplan er likevel styrande for når, og i kva grad, einskildprosjekt kan setjast i gang, der det er føresetnader om kommunal medverknad (tilskot/drift/forskotering). Det må søkast særskild om investeringstilskot, kommunale garantiar, driftstilskot og kompensasjon for gratisprinsipp for barn og unge til nye tiltak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar Handlingsprogrammet for 2022 til kommunedelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i samsvar med innstilling frå administrasjonen.

Søknader om spelemidlar til ordinære anlegg og nærmiljøanlegg vert prioriterte i same innbyrdes rekkefølge som dei står i handlingsprogrammet.

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at gjeldande kommunedelplanar for tidlegare Os og Fusa skal gjelda til ny Sektorplan for kultur, idrett og friluftsliv i Bjørnafjorden kommune vert utarbeida og godkjend (2022/23).

Kommunen sitt budsjett og økonomiplan er likevel styrande for når, og i kva grad, einskildprosjekt kan setjast i gang, der det er føresetnader om kommunal medverknad (tilskot/drift/forskotering). Det må søkast særskild om investeringstilskot, kommunale garantiar, driftstilskot og kompensasjon for gratisprinsipp for barn og unge til nye tiltak.

Behandling og vedtak i sak 146/2021, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 16.12.2021

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 144/2021.

Det er bede om habilitetsvurdering frå Richard Markhus, Ap, Helge Mjånes, Ap, Eirik Andre Hesthamar, Frp og Bjarte Aarvik, Frp. Markhus, Hesthamar og Aarvik gjekk frå møtet, og Pål Tore Haga er kalla inn som vara for Markhus. Det har ikkje lykkast å skaffe vara for Hesthamar og Aarvik, og det var 33 stemmeføre representantar under behandlinga av saka.

Representanten Helge Mjånes, Ap, har også bede om habilitetsvurdering. Rådet frå juridisk rådgivar er at Mjånes er habil, ettersom klubben han sit i styret for, Eikelandsfjorden IL, ikkje har prosjekt inne i handlingsplanen. Det er ikkje kalla inn vara for Mjånes.

Ordførar gjorde greie for habilitetsvurderingane.

Eirik Andre Hesthamar, Frp, er dagleg leiar Nore Neset IL. Rådet frå juridisk rådgivar er at Hesthamar er inhabil etter kommunelova § 11 -10, 1. ledd og forvaltningslova 6 2. ledd. Som dagleg leiar i Nore Neset Idrettslag, som er tiltakshavar på fleire av prosjekta som er omtala i planen, kan han ved å delta påverka utfallet i sak som kan ha økonomiske konsekvensar for idrettslaget. Det ligg føre særneigne grunnar som er eigna til å svekka tilliten til representanten sin upartiskheit.

Kommunestyret slutta seg til dette.

Bjarte Aarvik, Frp, er styreleiar i Søre Neset IL. Rådet frå juridisk rådgivar er at Aarvik er inhabil etter kommunelova § 11 -10, 1. ledd og forvaltningslova § 6 2. ledd.

Søre Neset IL er eit av laga som har økonomisk interesse i utfallet av saka. Ved å delta, kan han påverka utfallet i saka. Det ligg føre særneigne grunnar som er eigna til å svekka tilliten til representanten sin upartiskheit.

Kommunestyret slutta seg til dette.

Richard Markhus, Ap – leiar i Eikelandsfjorden IL og medlem av idrettsrådet

Rådet frå juridisk rådgivar er at Markhus er inhabil etter kommunelova § 11 -10, 1. ledd og forvaltningslova 6 2. ledd.

Markhus er leiar for Eikelandsfjorden IL, men dei har ikkje det søknader inne, og han er ikkje inhabil grunna den rolla/tilknyttinga. Som medlem Bjørnafjorden Idrettsråd har hand handsama saka. Vurderinga er at Markhus kan ikkje både representera kommunen og idretten (idrettsrådet). Ved å delta, kan han påverka utfallet. Det ligg føre særneigne grunnar som er eigna til å svekka tilliten til representanten sin upartiskheit.

Kommunestyret slutta seg til dette, og Pål Tore Haga deltok i behandlinga av saka.

Representanten Terje Søviknes, Frp, bad om at administrasjonen sjekkar ut at det å vere medlem i idrettsrådet gjer ein representant ugild i slike saker med tanke på framtidige møte.

Innstillinga frå formannskapet blei samrøystes vedtatt.

Pål Tore Haga gjekk frå møtet, og representantane Bjarte Aarvik, Eirik Andre Hesthamar og Richard Markhus kom tilbake i møtet. Då var det igjen 35 stemmeføre representantar i møtet.

Vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar Handlingsprogrammet for 2022 til kommunedelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i samsvar med innstilling frå administrasjonen.

Søknader om spelemidler til ordinære anlegg og nærmiljøanlegg vert prioriterte i same innbyrdes rekkefølge som dei står i handlingsprogrammet.

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at gjeldande kommunedelplanar for tidlegare Os og Fusa skal gjelda til ny Sektorplan for kultur, idrett og friluftsliv i Bjørnafjorden kommune vert utarbeida og godkjend (2022/23).

Kommunen sitt budsjett og økonomiplan er likevel styrande for når, og i kva grad, einskildprosjekt kan setjast i gang, der det er føresetnader om kommunal medverknad (tilskot/drift/forskotering). Det må søkast særskild om investeringstilskot, kommunale garantiar, driftstilskot og kompensasjon for gratisprinsipp for barn og unge til nye tiltak.

147/2021 - AVKASTNINGSRAPPORT PR. SEPTEMBER 2021

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 02.12.2021 - 141/2021

Kommunestyret tar Avkastningsrapport pr. september 2021 frå Gabler Investment Consulting AS til orientering.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar Avkastningsrapport pr. september 2021 frå Gabler Investment Consulting AS til orientering.

Behandling og vedtak i sak 147/2021, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 16.12.2021

Behandling:

Innstillinga frå formannskapet blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret tar Avkastningsrapport pr. september 2021 frå Gabler Investment Consulting AS til orientering.

148/2021 - AVKASTNINGSRAPPORT PR OKTOBER 2021

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 02.12.2021 - 142/2021

Kommunestyret tar Avkastningsrapport pr. oktober 2021 frå Gabler Investment Consulting AS til orientering.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar Avkastningsrapport pr. oktober 2021 frå Gabler Investment Consulting AS til orientering.

Behandling og vedtak i sak 148/2021, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 16.12.2021

Behandling:

Økonomisjef Ingrid Karin Kaalaas svara på spørsmål frå representantane.

Avtalen med Gabler er inne i ein periode med opsjonar, men det er mogleg å gå ut på nytt anbod i 2022. Ordførar sa det er naturleg at vi startar med ei orientering om status for avtalen i formannskapet på nyåret.

Innstillinga frå formannskapet blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret tar Avkastningsrapport pr. oktober 2021 frå Gabler Investment Consulting AS til orientering.

149/2021 - FRAMFORHANDLA UTBYGGINGSAVTALE FYLKESVEG ÅSEN-HELLESKARET FOR GODKJENNING

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 02.12.2021 - 146/2021

Kommunestyret godkjenner framforhandla utbyggingsavtale for fylkesveg Åsen-Helleskaret datert 5.11.2021.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner framforhandla utbyggingsavtale for fylkesveg Åsen-Helleskaret datert 5.11.2021.

Behandling og vedtak i sak 149/2021, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 16.12.2021

Behandling:

Representanten Roger Hoel, H, har bede om ei habilitetsvurdering. Han trekte seg frå møtet, og Hans Vindenes, H, tok plass i møtet som vararepresentant.

Ordførar gjorde greie for grunnlaget for habilitetsvurderinga.

Hoel er sambuar med ein av dei private grunneigarane som er part i saka som avgir/sel grunn. Rådet frå juridisk rådgivar er at Hoel er inhabil etter kommunelova § 11 -10, 1. ledd og Forvaltningslova 6 2. ledd. Ein nærstående (sambuar) har særleg interesse i utfallet av saka, og det gir særleg fordel eller ulempe for nokon representanten Hoel har nær tilknytning til. Ved å delta, kan han påverka utfallet i saka. Det ligg føre særeigne grunnar som er eigna til å svekka tilliten til representanten sin upartiskheit.

Kommunestyret slutta seg til dette, og Hans Vindenes, H, deltok i behandlinga av saka.

Innstillinga frå formannskapet blei samrøystes vedtatt.

Vindenes gjekk frå møtet, og Roger Hoel kom tilbake i møtet. Møtet blei midlertidig heva klokka 09.50.

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner framforhandla utbyggingsavtale for fylkesveg Åsen-Helleskaret datert 5.11.2021.

150/2021 - GODKJENNING AV KOMMUNEDELPLAN FOR BJØRNAFJORDEN VEST

Vedtak som innstilling frå Plan-, bygg- og miljøutvalet - 06.12.2021 - 163/2021

7.1 Nytt innleiande avsnitt:

Det skal takast omsyn til viktige miljøverdiar for å ivareta naturmangfaldet i aktuelle utbyggingsområde og i kommunen sett under eitt.

7.3 Ekstra setning:

Ved lokalisering av barnehagar og skular skal det takast særleg strenge støyomsyn.

9. Endra innhald om berekraftig energiforsyning:

Avsnitt om berekraftig energiforsyning blir løfta ut frå senterstruktur til eit generelt punkt i føresegnene.

10.18: Endra innhald:

Mål om reduksjon blir endra til mål om nullutslepp (i to setningar).

I 2022 skal ein i PBU prioritera ferdigstilling av Områdeplan for Osøyro (Sentrumsplanen).

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyret vedtar framlegg til kommunedelplan for Bjørnafjorden vest, med plankart, føresegnar og planomtale datert 11.11.2021, og tilhøyrande saksdokument. Utover dei endringar som er gjort etter høyringa finner ikkje kommunestyret å kunne ta omsyn til alle motsegna og ber om mekling for dei motsegn som måtte stå att. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 5-6, første avsnitt, jf. § 11-15 første ledd.

Behandling og vedtak i sak 150/2021, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 16.12.2021

Behandling:

Vedtak:

Saka blei usett til neste møte.

151/2021 - GODKJENNING AV PROTOKOLLAR FRÅ NEDLAGDE UTVAL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyret godkjenner følgande protokollar:

- Prosjektstyret Hauge 6. januar
- Liv i Bjørnafjorden 6. desember
- Tenesteutvalet 8. desember

Behandling og vedtak i sak 151/2021, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 16.12.2021

Behandling:

Vedtak:

Saka blei usett til neste møte.

152/2021 - KOMMUNEDELPLAN FOR KLIMA, ENERGI OG MILJØ FOR BJØRNAFJORDEN KOMMUNE 2021-2033 - ENDELEG VEDTAK

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 02.12.2021 - 148/2021

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar kommunedelplan for klima, energi og miljø for Bjørnafjorden kommune 2021-2033 med dei endringane som er foreslått i saka som følgje av innspel i høyringsrunden.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar kommunedelplan for klima, energi og miljø for Bjørnafjorden kommune 2021-2033 med dei endringane som er foreslått i saka som følgje av innspel i høyringsrunden.

Behandling og vedtak i sak 152/2021, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 16.12.2021

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 163/2021.

Innstillinga frå formannskapet fekk 34 stemmer og blei vedtatt mot Magne Djuvik, Uavh, si stemme.

Møtet blei midlertidig heva klokka 13.58.

Vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar kommunedelplan for klima, energi og miljø for Bjørnafjorden kommune 2021-2033 med dei endringane som er foreslått i saka som følgje av innspel i høyringsrunden.

153/2021 - NYTT PARKERINGSREGIME PÅ OSØYRO

Vedtak som innstilling frå Liv i Bjørnafjorden - 06.12.2021 - 33/2021

Bjørnafjorden kommune søker ikkje om mynde til å handheve parkering langs offentleg veg.

Ein heilskapleg skiltplan skal regulere køyremønster og behov for varelevering/-henting langs offentleg veg på Osøyro.

Kommunedirektøren får fullmakt til å legge til rette for privatrettsleg handheving av parkering på kommunale parkeringsområder:

- Framfor rådhuset
- På CircleK-tomta
- På Kyrkjeflaten
- I Giskavollen parkeringshus
- Ved Kløvertun
- Ved Vognhallen
- På hotelltomta
- Ved Esso
- Ved Fjellheim

- Ved eventuelt andre kommunale eigedommar som nyttast til parkering i og kring Osøyro

Den privatrettslege handhevinga skal skje så saumlaust som mogleg og ta opp i seg at dei to første timane skal vere gratis. Tilbydar må også ha rabatterte priser for månads- og langtidsparkering på utvalde parkeringsområder. Pris på parkering per time kan vere ulik for kvart av parkeringsområda. Soneparkering som har vore tidlegare blir avslutta.

Det nye regimet er ikkje til hinder for at utbyggerar framleis kan nytte frikjøp etter plan- og bygningslova som virkemiddel for å oppfylle parkeringsnorm. Pris reguleres i det årlege gebyrregulativet. Bebuarar må betale for parkering i tråd med det nye parkeringsregimet. Prisene for parkeringtakster blir regulert årleg i samband med budsjetthandsaminga. I tillegg må regulering av parkering i fjell vera med i parkeringsløyisinga; dagens vedtak erstattar tidlegare vedtak i saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommune søker ikkje om mynde til å handheve parkering langs offentleg veg.

Ein heilskapleg skiltplan skal regulere køyremønster og behov for varelevering/-henting langs offentleg veg på Osøyro.

Kommunedirektøren får fullmakt til å legge til rette for privatrettsleg handheving av parkering på kommunale parkeringsområder:

- Framfor rådhuset
- På CircleK-tomta
- På Kyrkjeflaten
- I Giskavollen parkeringshus
- Ved Kløvertun
- Ved Vognhallen
- På hotelltomta
- Ved Esso
- Ved Fjellheim
- Ved eventuelt andre kommunale eigedommar som nyttast til parkering i og kring Osøyro

Den privatrettslege handhevinga skal skje så saumlaust som mogleg og ta opp i seg at dei to første timane skal vere gratis. Tilbydar må også ha rabatterte priser for månads- og langtidsparkering på utvalde parkeringsområder. Pris på parkering per time kan vere ulik for kvart av parkeringsområda. Soneparkering som har vore tidlegare blir avslutta.

Det nye regimet er ikkje til hinder for at utbyggerar framleis kan nytte frikjøp etter plan- og bygningslova som virkemiddel for å oppfylle parkeringsnorm. Pris reguleres i det årlege gebyrregulativet. Bebuarar må betale for parkering i tråd med det nye parkeringsregimet.

Prisene for parkeringtakster blir regulert årleg i samband med budsjetthandsaminga.

Behandling og vedtak i sak 153/2021, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 16.12.2021

Behandling:

Vedtak:

Saka blei usett til neste møte.

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 02.12.2021 - 150/2021

Kommunestyret gir Egedomsutvalet fullmakt til å selje 51/539 og 51/540.

Salet skal gjennomførast etter prinsipp vedtekne i kommunestyresak PS 143/2020.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyre gir Egedomsutvalet fullmakt til å selje 51/539 og 51/540.

Salet skal gjennomførast etter prinsipp vedtekne i kommunestyresak PS 143/2020.

Behandling og vedtak i sak 154/2021, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 16.12.2021

Behandling:

Vedtak:

Saka blei usett til neste møte.

158/2021 - BUDSJETT 2022/ØKONOMIPLAN 2022 - 2025

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 02.12.2021 - 144/2021

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2022/økonomiplan 2022 - 2025 med dei endringane som kjem fram i dette dokumentet.

Partistøtta skal vidareførast som for 2021 med same fordeling ref. reglement.

Vidare veg for Bjørnafjorden –
tillit, samhald og samskaping i
framtidskommunen!

Vi vil at Bjørnafjorden skal vera ein open, transparent og demokratisk kommune med tillit og nærleik mellom innbyggjarane og kommunen. På vår vakt skal den politiske styringa av Bjørnafjorden vera prega av openheit, nærleik, tilgjenge og høg integritet.

Vi minner om visjonen og verdiane til kommunen:

Visjon

Eit raust og attraktivt lokalsamfunn med evne og vilje til nyskaping

Verdiar

Vi lyttar med respekt

Vi finn smarte løysingar

Vi gjer det vi seier

Vi er inkluderande

Visjonen og verdiane til kommunen må rettleia oss når vi no går inn i ei krevjande, men samstundes svært spennande tid for den unge kommunen vår.

Krevjande fordi vi enno er prega av den pågåande pandemien og alt den har ført med seg av belastningar både for enkeltmenneske, kommunen som verksemd og delar av næringslivet vårt. Når den økonomiske situasjonen til kommunen i tillegg vert sterkt endra og utfordrande, - vil det krevja noko av oss alle, både med omsyn til forventningar, leveransar og nytenking. Vi skal jakta dei gode idéane og vi må sjå framover.

Spennande fordi vi opplever at fleire næringslivsaktørar i mange bransjar melder om god vekst og optimisme. Samstundes opplever vi positivitet og etterspørsel frå nye aktørar og folk som ønsker å etablere verksemd og bustad i kommunen. Vi må møte alle aktørar som vil snakka med oss med ope sinn og nysgjerrigheit. Vi bur i ein fantastisk flott kommune, som vi må framsnakka og gjera attraktiv for fleire nye innbyggjarar og verksemdar.

Historia har meir enn éin gong vist at det er i tronge tider vi finn nye måtar å samhandla og løysa felles oppgåver på. Bjørnafjorden kommune skal vere ein kommune som heile tida

utviklar seg og utfordrar til nye framtidssretta løysingar. Vi må byggja vidare på den digitale lærdomen vi har fått gjennom pandemien. Vi skal finne nye og forbetra måtar å få reduserte kostnader og samstundes auke inntektene våre. Vi må vere opne og villige til å ta kostnader som vi meiner kan føra til auka inntekt i andre enden. Vi skal møte framtida med å organisera oss som Samskapingskommune (kommune 3.0) kor fokuset er kva vi som kommune skal få til i fellesskap,- med innbyggjarar, tilsette, frivilligheit og næringsliv. Vi må skapa og samhandla i lag,- som eitt lag!

Organisering og tillitsreform

For å møte framtida, må Bjørnafjorden kommunen gå frå å vera ein «servicekommune» (New Public Management) til ein «samskapingskommune» (New Public Governance) – der løysingane vert laga saman, i fellesskapet mellom politikarar, kommuneadministrasjon, dei tilsette og innbyggjarane. For å nå dette målet er ein nøyd til å bygga ned silo-tankegangen, og organisera seg slik at ein heile tida ser heilskap og nytte i dei oppgåvene ein utfører. Dette krev ein organisasjon som både er fleksibel, endrings- og framtidsskule, strukturert og medarbeidarorientert. Ein må tenka tverrsektorielt i alt ein gjer. Det krevst eit godt og brukarvennleg kvalitets- og styringssystem for å greia dette. Kunnskapen og ressursane til dei tilsette i kommunen vår er svært høg, og det er viktig å vera ein god og attraktiv arbeidsplass som både beheld og tiltrekk seg fagfolk. I praksis tyder dette at vi må utvikla ein organisasjon bygd på «Tillitsreforma» der dei tilsette fagfolka har den tilliten og det handlingsrommet som krevst for å styra eigen arbeidskvardag og fullt ut kan gjera nytte av kompetansen sin. Vi må fokusera på å redusera administrativ aktivitet og rapporteringskrav, for å auka fokus og ressursar på brukarretta tenester og produksjon.

Gjennom Bjørnafjorden 22 prosjektet har kommunen opparbeida seg viktig kunnskap og erfaring om organisering og endring. Det er avgjerande at den endringskompetansen og erfaringa ein har tileigna seg ikkje forsvinn, men vert beholden og bygd vidare på. Dette gjeld ikkje minst gjennom gode, opne og tillitsbaserte prosessar saman med dei tilsette og dei tillitsvalde. Skal ein lukkast med å byggja «samskapingskommunen» må alle aktørar spela mot same mål, følgja spelereglane i arbeidslivet og ha tillit til kvarandre.

Vi gir kommunedirektøren fullmakt til å arbeida vidare med å etablera «Samskapingskommunen» Bjørnafjorden. Prosjektet skal byggjast på,- og ta opp i seg elementa i Tillitsreforma.

Kommunedirektøren skal i løpet av 1.halvår 2022 leggja fram sak for kommunestyre som viser forslag til organisering og nedtrekk for 2023 for å samsvara med vedteken økonomiplan

Endringar i høve kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett	2022	2023	2024	2025
Ikkje eigedomskatt	15000	40000	60000	80000
Auka rammetilskot	-13000	-13000	-13000	-13000
Auka skatteanslag	-16000	-16000	-16000	-16000
Finansinntekter	-5000	-5000		
Delvis komp. prisvekst 2023		-5000	-5000	-5000
Bruk av premiefond pensjon/bufferfond	-11500	-11500	-11500	-11500
Forventa innsparing adm. pensjonkjøp	-3000	-3000	-3000	-3000
<i>Innsparingar/effektivisering</i>				
Fellesområde		-1000	-1000	-1000
Stab		-1000	-1000	-1000
Oppvekst (+ mindre nedtrekk/ - meir nedtrekk)	4000	-3000	-3000	-3000
Helse og velferd		-8000	-8000	-8000
Samfunnsutvikling		-1000	-1000	-1000
Akkumulert effektivisering		4000	-10000	-24000
Ikkje nye politiskar PC-ar	-250			
To nye lærlingar	250	250	250	250
Samspel med frivillig sektor / Frivilligheitas år	1000			
Næringsfond	1000			
Endra budsjetttramme	-27500	-23250	-12250	-6250
<i>Investeringar/finans</i>				
Vassprosjekt	-10000	-10000	-10000	-10000
Avlaupsprosjekt	-10000	-10000	-10000	-10000
Velferdsteknologi	1500			
Omsorg+ Gamleheimshagen	2000			
Sal av eigedom	-5000	-10000	-10000	-10000
<i>Avgiftsbudsjettet</i>				
Leige bubil/båt hamneavgift	250,-			



Taldelen

Kommunedirektøren (KD) sitt framlegg til budsjett 22 og økonomiplan 22-25 viser tydeleg den økonomiske utfordringa kommunen har. I framlegget har KD brukt ein stor del av fond, i tillegg til at han meiner kommunen må innføra eigedomskatt for å finansiere drifta.

Vi ser utfordringane, men meiner dei kan løysast på annan måte enn å innføra eigedomskatt. For innbyggjarane i kommunen vil denne i tilfelle koma oppå allereie høge kommunale avgifter.

I førre del av dette budsjettet har vi omtala korleis KD kan få handlingsrom til å omorganisera organisasjonen og effektivisera drifta.

Her er framlegget til endringane i budsjettet med utgangspunkt i KD sitt framlegg:

DRIFT

Område som vi ser får auka inntekter/meirbruk framover er:

Ikkje eigedomskatt

Ramma vert då endra med dei inntektene KD har stipulert i perioden

Auka rammetilskot

I den nye regjeringa sitt foreløpige framlegg til statsbudsjett ser vi at Bjørnafjorden kjem ut med ei meirinntekt på omlag 13 mill.. Vi har valt å budsjettera flatt med denne auken i planperioden, trass signal om at rammeoverføringane og kommuneøkonomien skal styrkast i åra som kjem.

Auka skatteanslag

Vi har lagt inn ein auke i skatteanslaget på 16 mill. kvart år. Dette er under den reelle auken som kommunen får no i 2021. Også her ser vi for oss at den auka aktiviteten i næringslivet, etableringar i Lyseparken, tilflytting med fleire skattebetalarar m.m. vil gi kommune ein auke i skatteinngangen også i planperioden. Vi har valt å ikkje forskottera denne auka.

Finansinntekter

KD har budsjettert med finansinntekter, mest dei to siste åra i perioden. Vi aukar desse inntektene med 5 mill. for kvart av åra 22 og 23. Då vert det ein jamn avkastning heile perioden.

Delvis kompensasjon for prisvekst i 2023

I den økonomiske situasjonen ser vi at drifta må takast ned, både på løns- og driftssida. Vi foreslår å redusera driftssida i 2023 som ein eingongsreduksjon, og reduserer kompensasjonen for prisvekst med 5 mill. Dette nedtrekket vil då ligga i ramma i alle år framover.

Bruk av premiefond pensjon/bufferfond

Ved endring av pensjonsavtale vert det frigjort ca. 80 mill. Vi vel å bruka 11,5 mill. av desse kvart år i perioden.

Bruk av forventa innsparing pensjonsadm.

Vi forventar ei innsparing i administrasjon av pensjon på 3 mill. pr år.

Innsparing omorganisering / effektivisering

Dei største innsparingane i kommunen vert i organisasjonen. KD har i sitt budsjett omtala dette for 22, og vi vidarefører det prosjektet gjennom Tillitsreforma (Sjå første del av tekstdelen).

I heile organisasjonen er det for 23 – 25 budsjettert med ein gevinst på omorganisering / effektivisering på 14 mill. pr. år. Tabellen i budsjettet viser ei fordeling av dette.

For at KD skal ha rom for å etablere den nye organisasjonen i samarbeid med partane, legg vi inn eit mindre nedtrekk i 22 for Oppvekst på 4 mill..

I grunnlaget for SIO frå 2015, og den økonomiske utviklinga som har vore innan Helse og velferd i samanliknande kommunar, vil vi då koma ned på omlag same nivå som dei andre kommunane. KD skal rapportera til kommunestyre våren 2022.

ANDRE BUDSJETTENDRINGAR DRIFT

Politikar-PC

I sak 41/2019 i Fellesnemnda vart det vedteke å gi støtte på kr 5000 pr folkevald anna kvart år til kjøp av PC-utstyr. Gjennom vedtak av dette budsjettet vil dette bli endra til at støtta til slikt kjøp berre vert gitt ved oppstart av ny valperiode. Vi budsjetterer ut frå det med ei innsparing på 250 000 i 2022.

Læringar

Det er budsjettert med ein auke på 2 læringar i 2022.

Frivillig sektor / Frivilligheitas år

2022 er frivilligheitas år, og vi ønsker å støtte aktivitet som gir auka folkehelse med 1 mill.

INVESTERING

Sjølvkostområde

Vi tar ned investeringane i Vassprosjekt og Avlaupsprosjekt med 10 mill. kvart år i perioden; totalt 80 mill.. Dei kommunale avgiftene på desse områda er allereie høge, og vi vil avventa plan for VA for å sjå framtidig investeringstrong. Avgiftene må korrigerast i høve denne endringa.

Velferdsteknologi / Meistringsteknologi

For både tilsette og brukarar er det ein tryggleik og effektivisering i bruk av nytt, moderne

utstyr. Tal brukarar vil auka i åra som kjem, så ein treng meir utstyr. Vi legg inn 1,5 mill. til investering.

Omsorg+

For at Gamleheimshagen kan brukast i Omsorg+, må det byggast overbygg, finansiert i samarbeid med Husbanken og andre aktuelle tilskotsordningar. Kommunal del er satt til 2 mill.

Auka investeringskostnader vert dekkja av auka sal av eigedom

SAL AV EIGEDOM

Det er budsjettert med auka sal for 5 mill. i 2022 og 10 mill. kvart av åra i planperioden.

AVGIFTER

Leige av bubilplass/båtplass vert sett til kr 250,- pr døgn

Vass- og kloakkavgiftene vert korrigert i høve ny investeringsramme.

AVSETTING TIL FOND

Næringsfond

Det vert i 2022 avsett 1 mill. til næringsfond. Ved sal av eigedom vil ein vurdera påfyll av fondet.

KOMMUNAL EIGEDOM

Kommunen er eigar av mange eigedomar, både til eiga drift og til utleige. I tillegg leiger ein areal hos private. Etter gamalt eig og kommunen fleire kaiar.

Kor mykje ein skal eiga og leiga må vurderast ut frå den trong kommunen har, både på kort og lang sikt. Leiga kan i nokre tilfelle forsvare lån for å bygga sitt eige.

Ikkje all eigedom er vedlikehalde så godt at det tilfredsstiller den standard som ein kan forventa i 2022. Nokre gonger kan det òg vera best å selja eigedom for så å bygga ny.

Spesielt kan dette gjelda innanfor den bustadsosiale handlingsplanen.

Anna eigedom har ein kanskje ikkje bruk for lenger.

Hegglandsdalen skule kjem for sal.

Den gamle Brannstasjonen i Eikelandssosen må ein vurdera kva ein skal gjera med.

Rett utnytting av eigedom, og rett mengd eigedom, vil vera økonomisparande,

Eigedomsutval og Formannskap må få jamlege oppdateringar og saker til handsaming.

Vi ber KD laga eit oversyn over kommunal eigedom og all kommunal leige av eigedom, Dette vert vurdert opp mot den trongen som kommunen vil ha i eit lengre perspektiv. I oversynet må ein vurdera kva ein framleis vil eige, kva ein tilrår å leiga, kva ein vil selja og kva som eventuelt må byggast nytt.

Klimatiltak nybygg

I all drift og bygging skal kommunen tenka miljø, slik at vi vert meir og meir klimanøytral. Det er då viktig å ha dette perspektivet med seg i all planlegging og drift. Mange tiltak vert etablert når Klimaplanen er vedtatt. Vi vil her peika på at vi allereie har vedtatt at ved bygging av nytt bygg til Hjelpemiddellager og lokale til heimetenesta skal bygget nytta solenergi, samt ha ordning for kjeldesortering.

Bjørnafjorden kommune – ein trygg og inkluderande arbeidsgivar

AP, SP og Krf vil aller fyrst få nytta høve til å takka alle tilsette for den fantastiske jobben de gjer kvar einaste dag med å levera gode og trygge tenester til innbyggjarane våre. Vi er stolte av dykk!

Vidare vil vi at Bjørnafjorden kommune skal vera ein trygg og inkluderande arbeidsgivar. Vi har tru på at faste, heile stillingar gir dei tilsette auka tryggleik, og ser at oppretting av bemanningssentral er eit godt steg på rett lei.

Vi ønsker å ta godt vare på dei tilsette vi allereie har, og å gi innpass i arbeidslivet for dei som har vanskar med å møte krava som normalt vert stilt i ordinært arbeid. Nærværarbeid og satsing på varig tilrettelagt arbeid er viktige element for at vi skal bli ein meir inkluderande arbeidsgivar.

Bemanningssentralen - heiltid og rekruttering

Bemanningsentralen innan Helse og velferd er komen svært godt i gong med eit viktig og framtidsretta arbeid. Dette arbeidet er vi stolte over å ha sett i gong. Det er per september 2021 totalt 13 faste stillingar knytt til sentralen, og prosessen med å utvida til fleire avdelingar og omsorgstenester i kommunen vår er i gang. Det er viktig å gi denne organisasjonsendringa tid og ressursar til å finna den rette forma. Her må det vera rom for evalueringar og justeringar undervegs etterkvart som ein får meir kunnskap og kompetanse

kring rett organisering. Bemanningsentralen vil gi oss gevinstar som er svært viktige for å kunna organisera oss framtidretta med heile faste stillingar og gjennomføring av Tillitsreforma. Det er svært viktig at ein beheld og utviklar kompetanse. Dette er gode rekrutteringstiltak i ei tid med knappheit på fagfolk i heile landet.

Vi ber Kommunedirektøren om å fortsetta utviklinga av Bemanningsentralen til å omfatta fleire områder innan Helse og velferd, og i tillegg starta arbeidet med å utvida tilbodet til å omfatta oppvekstområda barnehage, SFO og skule.

Nærværarbeid og sjukefråvær

Formålsparagrafen i arbeidsmiljølova slår fast at ein skal «sikre et arbeidsmiljø som gir grunnlag for en helsefremmande og meningsfylt arbeidssituasjon, som gir full tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader, og med en velferdsmessig standard som til ei kvar tid er i samsvar med den teknologiske og sosiale utvikling i samfunnet [...]». Sjølv om det er kommunedirektøren som utøver den daglege arbeidsgivaroppgåva, er det kommunestyret som har det overordna arbeidsgivaransvaret. Vi er medvitne dette ansvaret.

Kommunen er i ein økonomisk situasjon som krev at det må kuttast i drift. Samtidig føregår eit omfattande omstillingsarbeid som inneber at mange tilsette vil få endra arbeidsoppgåver. I sum medfører dette belastningar på tilsette som kan auka risikoen for sjukefråvær.

Klar, tydeleg og støttande leiing er viktig for å auka nærværet og hindra fråfall frå arbeidslivet. Det same er rett og god opplæring av tilsette på alle nivå i organisasjonen. Tett og god oppfølging av sjukmelde er viktig for å sikra raskast mogeleg retur til arbeid. Lukkast vi med dette arbeidet, blir det ein vinn-vinn situasjon for både den einskilde tilsette og for organisasjonen som heilheit.

Sjukefråvær som følge av arbeidssituasjon stiller krav til god dialog mellom partane, og det kviler eit felles ansvar på tilsette og arbeidsgivar om å jobba fram gode tiltak som kan hindra at sjukefråvær oppstår, og redusera graden av og lengda når fråværet er unngåeleg. I nokre tilfelle kan full sjukemelding unngåast ved god tilrettelegging på arbeidsplassen. Vi ber kommunedirektøren sørga for at rett og god tilrettelegging blir gjennomført der dette er naudsynt.

NAV kan gi ulike former for bistand for å redusera sjukefråvær, auka nærvær og hindra fråfall frå arbeidslivet. Dette kan mellom anna vera tilskot til ekspertbistand, mentorordning, mellombels og varig lønstilskot, naudsynte hjelpemiddel og fritak frå sjukepengar i arbeidsgivarperioden.

Vi ber kommunedirektøren ha sterkt fokus på personalomsorg og nærværarbeid, og aktivt nytta seg av tilboda frå NAV for å styrka nærværarbeidet i kommunen.

VTO-plassar

Kommunen har eit stort samfunnsansvar i å sørga for eit inkluderande arbeidsliv. Det betyr mellom anna at menneske med nedsett arbeidsevne får høve til å jobba med tilrettelagde arbeidsoppgåver. Vi er glade for at Bjørnafjorden kommune i 2021 har gitt tilbod om VTO-plass til arbeidstakar med behov for tilrettelagt arbeid, og vi ber kommunedirektøren intensivera arbeidet med å tilby fleire VTO-plassar. Ein VTO-plass (Varig Tilrettelagt arbeid i Ordinær verksemd) inneber at kommunen tilbyr tilrettelagde arbeidsoppgåver til ein person som har uføretrygd. Kommunen får eit tilskot frå NAV på i overkant av 70.000 kroner/år, uavhengig av stillingsstorleik. Den tilsette beheld uføretrygda si. Delar av tilskotet betalar kommunen ut igjen som ei bonussløn den tilsette får på toppen av uføretrygda (normalt i storleiken 25-30 kr/time). Dei som har ein VTO-plass får oppleve meistring og alle dei positive effektane av å vera i arbeid. Kommunen kan få utført ei lang rekkje oppgåver som ein normalt ikkje ville funne rom for å tilsetta noko til å gjera under ordinære lønsvilkår. Kva arbeidsoppgåver som kan utførast gjennom ein VTO-plass må vurderast individuelt ut frå arbeids- og funksjonsevna til den einskilde tilsette.

Døme på oppgåver kan vera: dekkja bord og rydda av i samband med måltid på sjukeheimar/institusjonar, assistera ved matlaging, tømme bos, vasking/rydding, samtalepartner eller turven for eldre, spiseven, høgtlesing av aviser, kopiering/skanning/enklare kontorarbeid, IKT-hjelpar, vedlikehald og oppdatering av nettsider, intern bodteneste, luka ugras og vatna blommar, assistera i skule og barnehage, vedlikehald/malararbeid, snømåking, salting/grusing av fortau og trapper, skifta lypærar, hamnevertar, strandrydding, støvsuging/vasking/polering av bilparken, osb.

Det er nær sagt berre fantasien som set grenser for kva arbeidsoppgåver som kan løysast

om ein finn den rette kandidaten til den rette VTO-plassen. Sidan ordninga har ei inntektsside finn vi det ikkje naudsynt å setta av eigne driftsmidlar til dette. Vi ber kommunedirektøren avklara med dei ulike einingane kven som har behov for ekstra arbeidskraft som kan løysast gjennom å tilby VTO-plassar. Vi forutset at tilsette med VTO-plass minimum skal ha bonusløn i tråd med tariff for VTA-ordninga. Bonuslønna vert finansiert av det statlege tilskotet kommunen får per VTO-plass.

Oppvekst

Mykje av arbeidet i oppvekstområde er førstelinetenester, der våre tilsette kvar dag gjer eit framifrå arbeid til det beste for borna og ungdomane våre.

Kommunedirektøren har i sitt framlegg til budsjett for 2022 tatt store nedtrekk i alle delar av organisasjonen. Som omtala tidlegare ser vi at kommunen må gjennom ei omorganisering og effektivisering i planperioden, men for å skjerma brukarane mest mogleg medan dette prosjektet får si endeleg utforming, vil vi for 2022 gi eit mindretrekk i Oppvekst på 4 mill.

For resten av planperioden legg me inn at Oppvekst tar del i prosjektet.

Mindretrekk/styrking av oppvekst 2022: 4,0 mil

Vidare må Oppvekst ta del i omorganiseringa/effektiviseringa i perioden.

I budsjettet for 2021 og utover i planperioden peika vi på følgjande område som vi ville at kommunen skulle ha spesielt fokus på:

- Lærarnorma
- Leksefri skule
- Satsing på ungdom
- Ungdomsskulegutar som leikeressurs
- Guttas campus
- Felles oversikt over lærarressursar
- Transport til gudsteneste
- Fritidskort

Når kommunen no går inn i ein periode med nedtrekk, vil vi peika på at vurderingane som bør ligga til grunn for nedtrekka bør vera:

- Ramma brukarane minst mogleg
- Gjennomføra lovpålagde tiltak så langt som mogleg
- Prioritera «må ha» framfor «kjekt å ha»

I vår digitale kvardag er «verda blitt mindre». Ungdomen er på sosiale plattformer både for kommunikasjon og lek. Om venane kjem frå lokalsamfunnet, eller bur i ein heilt annan del av verda, tyder lite. Ungdomane våre vert meir og meir internasjonale, og lærer mykje om andre sine liv. Likevel gløymer vi lett at ein svært viktig del av kompetanseløftet på alle nivå i utdanningssystemet vårt - både for lærarar og elevar - ligg i internasjonal utveksling. Erasmus+ programmet er EU sitt program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett. Dette programmet har ei økonomisk ramme på 26,5 milliardar Euro for perioden 2021 – 2027.

Vi vil her trekka fram fylgjande frå presentasjonen av Erasmus:

«Bærekraft, digitalisering og inkludering, Grønn og digital omstilling, inkludering og mangfold er overgripande prioriteringar som skal prega aktivitetene i Erasmus+ 2021-2027»

I Erasmus+ er det òg mogleg å søka om midlar for kurs, der ein lærer meir om programmet.

Vi utfordrar alle avdelingane innan Oppvekst til å studera dette programmet, og vurdere om dei har idear til prosjekt som det kan søkast midlar for. (sjå: <https://erasmuspluss.no/>)

Eventuell kommunal prosjektstøtte vert å koma tilbake til når søknad føreligg.

Leksefri skule

I budsjett for 2021 bad vi kommunedirektøren starta ei forsøksordning med leksefri skule. Vi er glade for at forsøket er kome i gang ved fleire av skulane våre, og ser positivt på at dei ulike skulane har valt ulike tilnærmingar til «leksefri», heilt i tråd med bestillinga vår i budsjettet. Det gjer det mogeleg å hausta av kvarandre sine erfaringar.

Vi ser fram til evalueringa av forsøket med leksefri. Det blir spanande å sjå kva erfaringar ein har gjort seg på dei ulike skulane, kva ein bør endra på, og kva ein bør ta med seg vidare.

Kva erfaringar har lærarane gjort seg? Korleis har leksefri fungert for elevar og føresette?

Helse og velferd

Fastlegeordninga – ei varsla krise

Fastlegeordninga har i fleire år vore i krise. Dei fleste kommunar i landet slit med rekrutteringa, og Bjørnafjorden er ikkje eit unntak. Sjølv om hovudansvaret ligg på Staten er vi nøgd med at KD har sett av 2 millionar i sitt budsjettframlegg for å handtera utfordringane i Bjørnafjorden. Regjeringa har signalisert auke i rekrutteringsheimlar og basistilskot per innbyggjar.

Bakgrunnen for krisa er kompleks, men ein aldrande befolkning akselererer utviklinga. Difor er det viktig at kommunen satsar på førebyggjande tenester, Omsorg+ og gode heimetenester.

Samstundes som vi er friskare enn nokon gong tidlegare i historia, går vi òg meir til lege.

Fastlegane har opplevd ei auke i krav til dokumentasjon og rapportering, samstundes som dei "vaktar porten" til spesialisthelsetenesta - dette medfører eit stort meirarbeid, og mindre fokus på faget dei er utdanna til å utøva.

Legetenesta jobbar med ei heilskapleg tilnærming for å finna løysingar på dei store utfordringane i fastlegeordninga, og vår jobb som politikarar er å lytta til deira innspel, og koma med konkrete forslag til løysingar som sikrar rekruttering og stabile rammer. Mange av dei store tiltaka må koma nasjonalt, men vi må utnytta handlingsrommet vi har lokalt til å gjera kloke val.

På tross av dei økonomiske utfordringane i Bjørnafjorden har kommunedirektøren auka ramma med 2 mill., til saman 2,6 mill., for å rekruttera og behalda fastlegar. Dette kjem i tillegg til andre tiltak som er gjort dei siste åra, slik som fastløn på legevakt, gjenkjøpsgaranti, reduserte lister, omgjering frå privat praksis til kommunale stillingar og større stillingar for sjukeheimslegane. Bjørnafjorden kommunen må arbeida aktivt for å sikra seg rekrutteringsheimlar, og andre stønadsordningar.

Omsorg+

I budsjett for 2021 kom vi med følgjande bestilling: «Samarbeidspartia ber om at det blir utgreidd ulike modellar for tilbod om Omsorg+-bustadar. Som eit minimum skal det greiast ut to ulike modellar, der kommunen i den eine modellen sjølv investerer i Omsorg+-bustadar, og bebruarane blir leigetakarar hos kommunen. I den andre modellen står ein privat aktør for utbygging og bebruarane blir leigetakar hos den private aktøren.» Vi set av kr 250 000 til ei utgreiing.

I KST sak 125/2021 frå administrasjonen står Omsorg+ for omsorg og aktivitetar. Dette er omsorgsbustader for personar som ikkje har behov for sjukeheimplass, men som har store problem med å klara seg i sin opphavslege bustad. Det kan t.d. vera personar som er utrygge, einsame eller har demenssjukdom på eit tidleg stadium. Omsorg+ er bemanna heile døgnet, t.d. med ein husvert. Heimetenestene har ansvaret for helsetenestene. Butilbodet består av tilpassa husvære, fellesareal med aktivitetar og høve til sosialt fellesskap.

Administrasjonen har levert på vår bestilling, og vi ser eit behov for å gå vidare med Omsorg+. Det kjem fram i saksutgreiinga at nokre av dei som i dag bur på sjukeheimane kunne klart seg med eit Omsorg+ tilbod. Tilsvarende er det nokre som bur heime i dag, som treng eit betre tilbod, samtidig som dei ikkje er sjuk nok til å få sjukeheimplass. Omsorg+ kan gi begge desse gruppene eit betre tilbod enn dei får i dag.

For kommunen får ein ved denne organiseringa levert betre tenester til innbyggjarane samtidig som ein får frigitt ressursar.

Saksutgreiinga viser at Eikhovdaheimen og Gamleheimshagen er godt eigna til å gjerast om til Omsorg+. Samtidig kjem det fram at behovet er størst i vestre del av kommunen.

På Baldersheim Helsetun er det bustader som må oppgraderast. Ved ei slik oppgradering bør det òg vurderast om heile helsetunet kan omgjeras til Omsorg+.

Ved investering må ein nytta alle stønadsordningar gjennom Husbanken.

Vi ser for oss at Omsorg+ blir fasa inn gradvis. Noverande bebruarar skal ikkje flyttast mot deira vilje.

Bestilling: Starta bygging av overbygg i Gamleheimshagen. Vi set av kr.2,0 mill. til dette. Gamleheimshagen og deler av Eikhovdaheimen vert over tid omgjort til Omsorg+. I tillegg blir det vurdert i eiga sak om òg Baldersheim Helsetun kan gjerast om til Omsorg+ , inklusiv oppgradering av dei bustadane som ikkje er i bruk.

Velferdsteknologi = tryggleik- og meistringsteknologi

Velferdsteknologi er ei fellesnemning på tekniske installasjonar og løysingar som kan betre den enkelte si evne til å klara seg sjølv i eigen bustad, og bidra til å sikra livskvalitet og verdigheit for brukaren. Folk vert i betre stand til å meistra eige liv når dei kan meistra den nye teknologien. Dette gir òg tryggleik for pårørande. Essensen i velferdsteknologi er at fleire skal oppleva tryggleik og meistra livet best mogeleg, lengst mogeleg. Tryggleik- og meistringsteknologi er derfor kanskje eit vel så godt og dekkande omgrep som velferdsteknologi.

Vi er glad for at Bjørnafjorden kommune satsar på tryggleik- og meistringsteknologi, og at vi deltek i Nasjonalt velferdsteknologiprogram (NVP). Siste Gevinstrealiseringsrapport frå NVP i oktober 2021 syner store positive effektar for brukarar og pårørande, i tillegg til at kommunane sparar både tid og pengar ved å nytta moderne teknologi. Nokre gevinstar kjem i form av innspart tid, t.d. ved at behovet for besøk av nattevakt vert redusert. Andre gevinstar kjem i form av utsette kostnader, t.d. ved at ein kan utsetta tidspunktet der ein innbyggjar treng sjukeheimsplass.

Døme på bruk av tryggleik- og meistringsteknologi er elektronisk medisineringsstønad, digitalt tilsyn, lokaliseringsteknologi, ulike sensorteknologiar (overvaking av dører, senger, komfyrar etc.), og «Min Memoria» for oppfølging av personar med demens.

Med ein krevjande økonomisk situasjon for kommunen, samtidig som talet på eldre og pleietrengande er venta å veksa i åra som kjem, er det heilt avgjerande at vi klarar å levera kostnadseffektive tenester til innbyggjarane våre. Når vi kan gjere dette samtidig som kvar enkelt tenestemottakar får betre tryggleik og auka livskvalitet finn vi det naudsynt å styrka satsinga på tryggleik- og meistringsteknologi. Vi set difor av kr. 1,5 mill. til investering.

Samfunnsutvikling

Planarbeid

Vi ønsker å framheva fordelene av å ha relativt nye og godkjente planar, som igjen vert rullert i kvar kommunestyreperiode. Dette gir føreseielege rammevilkår for næringsliv, innbyggjarane og dei tilsette.

Samfunnsdelen til Kommuneplanen er i full prosess, og blir eit viktig dokument for korleis vi ønsker å utvikla Bjørnafjorden kommune for framtida. Vi ser for oss busetting og verdiskaping i heile kommunen, også i områder med lite folketettleik i dag.

I denne prosessen vert det viktig å ta vare på, og leggja til rette for utvikling av landbruket.

Vi vil sikra innbyggjarmedverknaden i denne prosessen. Lokal identitet, samarbeidsånd, tillit, optimisme, endringsvilje og investeringslyst er stikkord i denne samanheng.

Byggeskikkpris

Byggeskikkpris er noko vi ønsker å sjå nærare på i 2022. Prisen vert tenkt utdelt til bygg og anlegg ute i kommunen, som gjennom si utforming til staden og omgivnadane, avspeglar respekt for verdiar i landskap, stadeigne byggetradisjonar, einskildvis, i grupperingar eller i tilpassing til eksisterande busetnad, og som evnar å stå fram som førebilete for framtida.

Saman klarar vi meir – samskaping som ny metode!

I tråd med kommunedirektøren sine signal i budsjettkonferansen, ønsker vi at kommunen arbeider meir i retning av ein samskapande og større innbyggjarinvolvert kommune.

Velferdsstaten er pressa på ressursar framover. Kommunedirektør framheva i sin presentasjon av budsjettforslaget sitt, innfasing av Samskapingskommunen (Kommune 3.0). Tillitsbasert samskaping står heilt sentralt for kommunen i tida framover.

Samskaping inneber at ein utviklar nye løysingar, tenester i likeverdige partnarsskap saman med dei som skal bruka dei. Våre mål i denne samanheng er fornying av kommunen for å oppnå meir velferd og mindre administrasjon, samt meir lokal friheit og mindre detaljstyring. Møtepunkta kommunedirektøren har starta med i t.d. byggebransjen, viser at sektoren er på rett veg.

Frivilligheita og ungdomen sitt år! - samspel med frivillig sektor

Gjennom pandemien har samfunnet vore delvis nedstengt, og den daglege aktiviteten i lag og organisasjonar har vore satt på vent.

Dette har ramma både unge og eldre, og lagsdrifta har hatt sine utfordringar med alle restriksjonane ein har måtta forhalda seg til.

Frivilligheita er svært sentral i bygdene våre, og folk stiller opp for å hjelpa til mest uansett kva det gjeld. Nokre gonger for å hjelpa andre, andre gonger av eigennytte, og ofte ein

kombinasjon. Gjennom slik deltaking i lokalsamfunnet stimulerer ein både det sosiale og fysiske, og dette har ein positiv effekt på folkehelsa.

Frivilligheita sitt år er vid i definisjonen, og vi jublar for alle gode tiltak som fremmar aktivitet og folkehelsa, uansett alder.

Om alt går vel, vil samfunnet opna meir opp etterkvart som vaksinar får verka, og vi ønsker at alt det gode arbeidet i lag og organisasjonar skal venda tilbake til normalen.

2022 er Frivilligheita sitt år her i Noreg, og gjennom EØS-avtala kan ungdomane våre delta i EU sitt Ungdomsår.

I begge desse satsingsområda ser det ut som det er råd å få økonomisk stønad til diverse aktivitetar frå eksterne kjelder.

Vi set av 1 mill. til lokale lag og organisasjonar i 2022.

Pengane skal gå til aktivitetar som fremmar folkehelse og kulturopplevingar.

Det blir ikkje gitt stønad til investering.

Administrasjonen handsamar søknadane og fordeler pengane.

Vidareføra det gode utviklingsarbeidet!

Vi ber kommunedirektøren halda fram med det gode arbeidet med å laga sikre rutinar. Dette både i høve framdrift, likeverdige og kvalitative gode tenester for innbyggjarane - spesielt innan områda bygge- og plansaker.

Den gode utviklinga med digitalisering og effektivisering av tenestene i 2021 innan sektoren for samfunnsutvikling, må aukast og vidareutviklast til fleire område, som t.d. ved større reguleringsplanar, ved dialog med innbyggjarane, innbyggjarane sine digitale tilgangar til eigen eigedom i kommunale arkiv m.m. Effekten vil vera billigare og meir tilgjengelege tenester, samt reduserte avgifter og saksbehandlingstid på sikt.

Næring

Bjørnafjorden kommune har fått god vind i segla på næringsfronten det siste året. Ein ser fleire og fleire nyetablerarar og fleire etablerte bedrifter som gjer det særst godt. Dette er svært viktig for sysselsettinga og utviklinga av kommunen.

Nye næringsareal vert klargjorde. Kommunen merkar stor auke i interessa for å etablere seg i kommunen vår. Denne auka må sjåast i samanheng med endringane som kjem, mellom anna ny E-39 til Bergen, Lyseparken og Samnøy næringsområde samt fleire områder som er under utvikling.

Vi vil påpeika at det er særst viktig at kommunen møter dei ulike aktørane på ein profesjonell og løysningsorientert måte. I tillegg skal vi støtta opp om det eksisterande næringslivet. Det er her det er enklast å få vekst og utvikling innanfor næringslivet.

Samtidig ser vi verdien av å skapa nye attraksjonar, gode tilbod, betra kommunal service, betra tenester til næringslivet, aktivitetar og kultur, kafear og møteplassar. Beint fram skapa liv i heile kommunen.

Grønt skifte

Sikra grøn næringsutvikling inn i det grønne skiftet, inneber at vi må sjå på nye verdikjeder, forretningsmogelegheiter og konsept. Næringsområda våre er eksempel på korleis vi legg til rette for denne utviklinga. Samarbeid er stikkord for å skape eit konkurransefortrinn innan dette skifte, jf. omgrepet samskaping og berekraft. Dette gjeld både internt i kommunen, mellom kommune og næringsliv, men også på regionalt nivå.

Målsettinga vår er å skapa gode, føreseielege, stabile og truverdige rammevilkår for næringslivet. Dette saman med tilstrekkelege og klare bustadområde og næringsareal.

Kommunen vil vera ein pådrivar for det grønne skifte og leggja til rette for nyetableringar som vil satsa.

Det er eit sterkt ønske om å klara å leggja til rette for arbeidsplassar i heile kommunen. Det vil sikra levande og berekraftige lokalsamfunn.

Som del av det grønne skiftet er det viktig at heile samfunnet endrar arbeidsform, og at ein går frå ein lineær (bruk og kast) økonomi mot ein sirkulær økonomi som sikrar at ressursane våre vert i økonomien lengst mogleg. Dette oppnår ein ved redusert bruk av råvarer, redusert avfall, utslepp og energiforbruk - samt ved gjenbruk og gjenvinning. Berre 2,4% av norsk økonomi er sirkulær, men det er stor von om at ein ved bruk av gode nasjonale tilskot og endra rammer og krav for næringslivet kan auka denne prosenten dei neste åra.

Solstrandkonferansen 2022 har som tema: Sirkulær økonomi i byggebransjen.

Digitaliseringsprosessen er allereie eit godt steg på vegen mot mindre avfall (eit papirlaust samfunn), og her gjer kommunen eit godt stykke arbeid gjennom digitalisering og forenkling av tenestene. Dette lettar òg på byråkratiet.

Næringsfondet

Vi vil styrka næringsfondet slik at kommunen blir i stand til å møte mogelegheitene samspelet med eit aktivt næringslivet gir oss. Vi set av 1 mill. i 2022 til fondet.

Vi ser fram til ei varsla politisk sak om bruk av fondet. Nye avsetningar til næringsfondet kan t.d. vera ved sal av eigedom og unytta fondsmidlar.

Saman med god omdømebygging, tilstrekkeleg bustad- og næringsareal, samt solid strategi for gode oppvekstmiljø, skapar vi ein attraktiv kommune. Det betyr mykje også for næringslivet. Resultatet er at ein får lokale arbeidsplassar som er svært ønskeleg, og som igjen fører til mindre utpendling og transportbehov.

Mobilitet og kollektiv transport

AP/Krf/SP ønsker å vera med på prøveprosjekt med "Hent meg" eller liknande konsept. Det er viktig at alle innbyggjarane i kommunen har tilgang på eit minimum av tilbod til kollektiv transport, ikkje minst for å sikra berekraftig mobilitet, og busetnad i alle deler av kommunen. Vi meiner òg det er viktig at kommunen sender Skyss sine høyringar om transport løysingar og ruteplanar ut på offentleg høyring, jf., omgrepa samskaping og innbyggjarinvolvering. Sikra transportsystem for næringslivet og innbyggjarane er nødvendig for skapa tilstrekkeleg, trygg og miljøvenleg mobilitet. Folk må på jobb, og varer må distribuerast så effektivt som mogeleg.

God mobilitet har innverknad på attraktiviteten i kommunen, både for den kompetente arbeidskrafta og stimuleringa til investeringar i lokalt næringsliv.

Vi er merksame på at transportsektoren er i starten av eit større grønt og digitalt skifte.

Kommunen må prøva å vera i front på denne reisa. Bjørnafjorden er ein kommune med store avstandar og ein fjord som deler kommunen. Her kan ulike mobilitetsløysingar redusera reisetida og kostnader både i kroner og tidsbruk.

Nye mobilitetsløysingar kan utvikla og stimulera til ei anna næringsutvikling enn det vi ser i dag. Her tenker ein på løysningar som nærskip/lokalbåtar og andre typar mobilitetsløysningar, som autonome køyretøy og fartøy. Vi kan òg venta ei endring frå butikkhandel til nettbutikker.

Vi er merksame på at veksten i befolkninga og auka privat velstand, fører til at fleire har trong for å reisa. Utsleppa frå fossile transportløysingar skal ned, og gjer at vi må tenke nytt.

Nøkkelord som elektrifisering, biodrivstoff og hydrogen kan vera løysinga for framtidens mobilitetsløysningar. Kommunen må vera klar. Digitalisering og plattformøkonomi, må vera ein del av resultatet som kjem.

Kanskje den mest nærliggande løysinga er nye måtar og moglegheiter for styring og utnytting av transportsystemet, samt nye digitale løysingar.

Ein suksessfaktor i mobilitetsstrategien til kommunen vil vera ein utbygd ladestruktur i heile kommunen.

Os Hamn

Dei siste åra har Os Hamn vorte populær og godt besøkt. Hamna er eit ettertrakta reisemål for båtfolk, bubilturistar, fastbuande og andre besøkande. Her er det mykje liv.

Saman med ei tydelegare vertsrolle i Os Hamn, må vi utvikla dette konseptet ytterlegare. Det å marknadsføre Bjørnafjorden som turistdestinasjon vil òg slå positivt ut for resten av kommunen og regionen.

I tillegg vil utviklinga av Os hamn føra til synergiverknadar for næringslivet, handelen og aktivitet i heile Bjørnafjorden.

Hamna vert ein sentral del av det pågåande arbeidet med utviklinga av regionsenteret Osøyro med omsyn til elektrifisering, kollektivhub og hurtigbåtsamband.

Inntektene ved hamneavgift og bubilparkering skal nyttast til drift og vidareutvikling av konseptet Os Hamn.

Klima og miljø

Bjørnafjorden kommune skal ta sitt ansvar for måla i Parisavtalen, og sikra livsgrunnlaget til framtidige generasjonar med krav til nullutslepp innan 2030. Kommunen skal følgja opp Klima-, energi- og miljøplanen, og nytta klimabudsjett og klimarekneskap for å sikra målbar framdrift. Omsynet til klima, miljø og folkehelse skal gjennomsyra all kommunal planlegging.

God politikk handlar og om å ta vare på naturen slik at komande generasjonar kan nytta godt av den. Vi skal gjera tiltak for å ivareta biologisk mangfald og gi dyrelivet gode vilkår. Vi ønsker å bygga politikken vår på dette grunnlaget, og med ein vedteken KLEM-plan vil kommunen få det naudsynte verktøyet til å implementera gode miljøtiltak. Hovudmålet i KLEM-planen er at Bjørnafjorden kommune innan 2050 skal vera eit lågutsleppssamfunn. Kommunen skal arbeida mot å vera fossilfri innan 2030, stansa tap av naturmangfald, og stansa forureining av grunn- og vassressursar.

Denne grunnleggande respekten for omgivnadane våre gjennomsyrrar alt vi gjer, og vi ser allereie at nybygg vert planlagt med tanke på miljøsertifisering og grøn energi, og at kommunen stiller miljøkrav til sine leverandørar. Den same utviklinga ser ein òg i privat utbygging, då marknaden og samfunnet som heilskap i større grad bed om dette.

I ei vanskeleg økonomisk tid, er det klart at kommunen har eit mindre handlingsrom til å stimulera til gode tiltak, men vi kan begynna med å rydda i eige hus: kjeldesortering må vera på plass i alle avdelingar og vi ønsker at kommunen skal sjå nærare på å implementera sortering av matavfall. I tillegg må kommunen oppfordra at ein gjer smarte val på skular og institusjonar, og at ein opparbeider grøntområde som er klimavenlege (t.d. skulehagar, «bygdehagar», utplanting av frukttre og bie-venlege blomar i fellesområde eller langs vegkantar).

Dette året har vi fått etablert BUA – ein utlånssentral for sport og fritidsutstyr, og dette er eit viktig verkemiddel – både i forhold til gjenbruk og sosial utjamning. Responsen frå innbyggjarane har vore svært god, og tilbodet er mykje brukt. Vi håpar at slike tiltak vil veksa, og at ein framover òg vil sjå at tradisjonelle yrker som går på vedlikehald og reparasjon får ein større plass i liva våre.

Bjørnafjorden kommune skal leggja til rette for at innbyggjarar og næringslivet kan ta del og bidra inn mot det grønne skiftet. Difor er det viktig at kommunen er ein spydspiss opp mot alle nasjonale og regionale stønadsordningane som kan koma kommunen til nytte, og at det er enkelt for innbyggjarane å finna informasjon på kommunen sine sider. Vi ønsker òg å oppfordra organisasjonar som arbeider opp mot frivillig arbeid og klima og miljø, om å søka på dei kommunale midlane som er tilgjengelege. Slik kan kommunen leggja til rette for tiltak der enkeltindivid, familiar eller nabolag kan bidra inn mot klimadugnaden.

Vi skal vidareføra samarbeidet med frivillige organisasjonar, og søker å utvida dette samarbeidet til aktørar som arbeider direkte opp mot nabolag og bygdesamfunn. Vi må betre nytta den kompetansen som finnes lokal og spreie kunnskapen slik at fleire kan gjera gode val i kvardagen, og nytta hage, jordareal eller nærområde til tiltak som er godt for miljøet (t.d. strandrydding, dyrka meir sjølv, bikubar, plante nyttevekstar, blomeenger).

Alle kan gjera litt, og saman kan vi gjera mykje!

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2022/økonomiplan 2022 – 2025.
2. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar slike netto driftsrammer for sektorane:

	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025
Fellesområde	62 733 000	38 569 000	37 733 000	38 569 000
Stab	55 127 000	54 627 000	54 627 000	54 627 000
Oppvekst	703 563 000	697 238 000	695 238 000	695 238 000
Helse og velferd	618 932 000	627 009 000	633 163 000	633 163 000
Samfunnsutvikling	80 120 000	70 126 000	64 823 000	64 823 000
Sum	1 520 475 000	1 487 569 000	1 485 584 000	1 486 420 000

Jfr og forskriftstabellane Bevilgningar drift §5-4 (1A), Bevilgningar drift § 5-4 (1B) og førebels B3 Økonomisk oversikt drift § 5-6. Merknad: Budsjettramma til Samfunnsutvikling er inklusive kalkulatoriske poster (avskrivinger og renter) vedr sjølvkostanlegg.

3. Bjørnafjorden kommune vedtar innsparingstiltaka vedr «Bjørnafjorden 22» i samsvar med kommunedirektøren sitt budsjettframlegg. Kommunestyret ber om at kommunedirektøren rapporterer om status for gjennomføring av tiltaka i tertialrapportane.

4. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar slike investeringar og finansiering av desse:

Investeringsbudsjett 2022 - 2025		Kommunedirektøren sitt framlegg					
Prosjekt	Prosjekt	Prosjektramme	Ny prosjektramme	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025
1220	Oppgradering kyrkjer og graver	Årsprosjekt	Årsprosjekt	0	0	0	0
1211	Gravplass Hålandsdalen	3 000 000	3 000 000	1 500 000			
1600	IKT infrastruktur	Årsprosjekt	Årsprosjekt	0	0	0	0
2270	Borgafjellet barneskule	290 000 000	290 000 000	10 000 000	0	0	
2300	Jettegryta barnehage	25 000 000	48 000 000	30 000 000	15 000 000		
2596	Lunde barneskule - opprusting	20 000 000	20 000 000	9 000 000	0	0	
3740	Ombygging gamle sjukeheimen	110 000 000	ikkje satt	0		0	
2000	Hjelpermiddel sentral og lokaler heimete nester	7 400 000	55 400 000	18 000 000	37 000 000	0	0
2010	Bufellesskap	37 000 000	46 000 000	30 000 000	14 000 000		
3550	Påbygg/ombygging Gratun bufellesskap			3 000 000	5 000 000		
3760	Kjøkenløyising		17 000 000	16 000 000			
4040	Samnøy næringsområde		ikkje satt	1 000 000			
4070	Flaumsikring Sævareid og Strandvik		6 000 000	0	0		
4080	Flaumsikring Osøyro		4 500 000	0	0		
4700	Veg Revne		1 500 000				
6020	Kjøp av tomter og bygg	Årsprosjekt	Årsprosjekt	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
6080	Prosjektering utbyggingsområder	Årsprosjekt	Årsprosjekt	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
6040	Uteområde skular/barnehagar			1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
6100	Ombygging kommunale bygg	Årsprosjekt	Årsprosjekt	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
7230	Kommunal infrastruktur	Årsprosjekt	Årsprosjekt	5 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
7220	Tømmerkal Eikelandsosen		Årsprosjekt		5 000 000		
7244	Kommunal veg Revsåsen	17 600 000	20 000 000	5 000 000	10 000 000	5 000 000	
7242	Stallabrotvegen - utviding	4 000 000	4 000 000	2 000 000			
7260	Parkeringsanlegg (Os sentrum)	71 000 000	66 000 000	3 000 000			
	Veg/fortau Giskavollen		10 000 000	0	0	0	
7261	Parkering i fjell	ikkje satt	ikkje satt	1 000 000			
7263	Parkeringsløyising Osøyro			2 000 000	0		
7270	Tiltak i trafikksikringsplan		Årsprosjekt	8 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
7500	Rullande materiell	Årsprosjekt	Årsprosjekt	6 000 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Delsum ordinære prosjekt				159 500 000	102 500 000	21 500 000	16 500 000
Prosjekt		Prosjektramme	Ny prosjektramme	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025
9000	Avlaupsprosjekt	Årsprosjekt	Årsprosjekt	50 000 000	50 000 000	50 000 000	50 000 000
9100	OHARA - kloakkrensing anlegg	470 000 000	470 000 000				
8110	VA anlegg ny veg Åsen	16 000 000	42 000 000	20 000 000	20 000 000		
8100	VA E39	60 000 000	80 000 000	10 000 000			
8000	Vassprosjekt	Årsprosjekt	Årsprosjekt	50 000 000	50 000 000	50 000 000	50 000 000
Delsum Avgiftsfinansierte prosjekt				130 000 000	120 000 000	100 000 000	100 000 000
Sum investeringar				289 500 000	222 500 000	121 500 000	116 500 000
		Prosjektramme	Ny prosjektramme	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025
1170	Egenkapital innskot KLP		Årsprosjekt	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
1000	Utlån startlån Husbanken		Årsprosjekt	60 000 000	60 000 000	60 000 000	60 000 000
1000	Avdrag startlån		Årsprosjekt	12 000 000	12 000 000	12 000 000	12 000 000
Sum finansieringsbehov				365 500 000	298 500 000	197 500 000	192 500 000
Finansiering:				År 2022	År 2023	År 2024	År 2025
9999	Låneopptak investeringar			-172 000 000	-190 200 000	-118 600 000	-111 600 000
9999	Bruk av unyttet lån			-70 000 000	0	0	0
1000	Innlån Husbanken			-60 000 000	-60 000 000	-60 000 000	-60 000 000
1000	Mottatte avdrag på utlån			-12 000 000	-12 000 000	-12 000 000	-12 000 000
9999	Mva kompensasjon			-37 500 000	-17 300 000	-2 900 000	-2 900 000
9999	Sal av tomter			-10 000 000			
9999	Tilskot/refusjon frå private			0	0		-2 000 000
9999	Tilskot frå Husbanken				-15 000 000		
9999	Tilskot frå fylkeskommunen						
9999	Tilskot frå staten						
9999	Overført frå driftsbudsjettet			-4 000 000	-4 000 000	-4 000 000	-4 000 000
9999	Bruk av fond						
Sum finansiering				-365 500 000	-298 500 000	-197 500 000	-192 500 000
Udekket finansiering				0	0	0	0

Jfr og forskriftstabellane Bevilgningsoversikt investering §5-5 (2A) og Bevilgningsoversikt §5-5 (2B).

5. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at samla bruk av lån til investeringar i varige driftsmidlar 2022 er kr 242.000.000. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at det blir tatt opp nytt lån til investeringar i varige driftsmidlar på inntil kr 172.000.000 i 2022, jfr kommunelova §14-15. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån og til å avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor den vedtatte låneramma.

6. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at det blir tatt opp startlån i Husbanken til vidareutlån på inntil kr 60.000.000. Nedbetaling av låna skal skje i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån og til å avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor den vedtatte låneramma.

7. Bjørnafjorden kommunestyre godkjenner at låna i låneporteføljen kan refinansierast i året. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om refinansiering av tidlegare opptatte lån, herunder fullmakt til å underteikne lånedokument.

8. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar betalingssatsar, avgifter og gebyr for 2022 slik det går fram av kommunedirektøren sitt budsjettframlegg.

9. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at BIR Privat AS blir delegert fullmakt til å fakturere og krevje inn avfallsgebyret på vegner av Bjørnafjorden kommune, jfr §12 i *Forskrift om håndtering av avfall fra Husholdning*. Avfallsgebyret tilhøyrer Bjørnafjorden kommune.

10. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at prisen på renovasjonstenesta for 2022 blir auka med 15,0%, med unntak av eigendelen for levering til gjenvinningsstasjonane og enkelte tenester utanfor standard renovasjon. Desse blir haldne uendra. Kommunalt påslag blir uendra frå i fjor. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar avfallsgebyr i henhold til vedlegg «Pristabell renovasjonsgebyr Bjørnafjorden kommune 2022».

11. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar å bruke høgste sats for kommunalt skatteøyre.

12. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar å innføre eigedomsskatt frå 2022. Det blir skrive ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile kommunen, jfr. Eigedomsskattelova §2 og §3.a. Unntak følgjer av Eigedomsskattelova §5. Skatteetatens formuesgrunnlag blir nytta for å fastsette verdien på budstader, jfr Eigedomsskattelova §8 c-1. For øvrige eigedomar skal taksering skje i tråd med Eigedomsskattelova 3. kapittel. Skattesats for 2022 blir sett til 1 promille av skattegrunnlaget for alle objekt, jfr Eigedomsskattelova §1 og §13. Dersom husstanden sin samla brutto inntekt ved sist kjente likning ikkje overstig 4 G kan ein søkje om fritak, jfr Eigedomsskattelova §28. Ev bustøtte og leigeinntekter skal reknast med i inntekta. Eigar (ane) må sjølv søkje om fritak og bu på eigedomen det blir søkt om fritak for, då fritak etter §28 er personleg og ikkje følgjer skatteobjektet. Kommunestyret oppnemner den ordinære klagenemnda som klagenemnd for eigedomsskattesaker, jfr Eigedomsskattelova §20. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å iverksette nødvendige tiltak for å få innført eigedomsskatt frå 2022.

13. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at ev positivt premieavvik i budsjettåret blir sett av på fond for å dekke utgiftsføring av premieavviket påfølgjande år (1 års amortisering).

14. Bjørnafjorden kommunestyre godkjenner at administrasjonen har fullmakt til å bruke fondsmidlar til det føremålet kommunestyret har bestemt, ref økonomireglementet. Administrasjonen har og fullmakt til å gjere budsjettreguleringar som følgje av dette.

15. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at budsjetttramma for Kontroll og revisjon blir sett til kr 1.682.000, jfr vedtak frå møte i kontrollutvalet 02.09.2021 i sak PS 27/21 – Budsjett for kontrollarbeidet i Bjørnafjorden kommune 2022.

16. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at tilskotet til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd for 2022 blir sett til kr 15.330.000. Tilskot til Fusa frivilligsentral for 2022 blir sett til kr 744.000.

17. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar budsjettframlegget frå Os Idrettspark Bjørnafjorden KF, slik at kommunalt tilskot 2022 til skulebading blir sett til kr 2.442.000, kommunalt tilskot til idrettshall og uteanlegg blir sett til kr 4.558.000.

18. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar budsjettframlegget frå Oseana Bjørnafjorden KF, men slik at kommunalt tilskot for 2022 blir sett til kr 6.217.000.

19. Bjørnafjorden kommunestyre ber kommunedirektøren om å legge fram tertialrapportar for kommunestyret som gir oversikt over kommunen si drift og økonomiske stilling.

Behandling og vedtak i sak 158/2021, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 16.12.2021

Framlegg til vedtak frå Asle Olsen, SV - Sosialistisk venstreparti Budsjettforslag SV

Framlegg til vedtak frå Nils-Anders Nøttseter, Miljøpartiet dei grøne Revidert budsjettforslag MDG

Ny tekst på verbalforslag 3 og 4.

